

# VELKOMEN TIL TIDENES SKIFEST ØVST I SETESDAL



**SKI-NM  
HOVDEN  
2025**

NM del 2 • 27. - 29. mars



Ikkje sidan 1994 har NM på ski blitt skipa til i Agder – no er det toppen av Setesdal som gjeld! Også lokale talent skal få prøve seg mot eliten.



Petter Northug kjem til NM på Hovden med skumle planar.  
SIDE 11



Laurdag 5. april er det klart for det 12. HovdenTour.  
SIDE 18-19



Historien om Bykle er ei forteljing om fjellbygda som vart ein kraftkjempe. SIDE 20-21



## Helsing frå Bykle-ordføraren

### For Bykle kommune er det å vere vertskap for NM i langrenn som 17. mai og jolaftan på ein gong!

Bykle kommune ser fram til å huse somme av verdas beste langrennsløparar, framtidastopputøvarar og leiarar i Norges Skiforbund og norsk idrett. For ein liten kommune med små lokale klubbar, er det å arrangere NM i langrenn eit veldig stort løft. Men, på den mest sentrale staden i Sør-Noreg (like langt til alle store byar...), ser vi på denne utfordringa som ein stor mulighet til å presentere vår kommune, marknadsføre vår landsdel og ikkje minst bidra til auka oppslutning om langrennssporten i vår landsdel og skigymnaset på Hovden som vi er veldig stolte over.

Etter at skigymnaset på Hovden vart etablert i 1990, har trenarane på skigymnaset saman med lokale eldsjeler bidratt til at Hovden har fått ein sentral posisjon i langrenn både regionalt og nasjonalt. Hovden Langrennsarena med eit utall av trasear, rullskiløyper, snøproduksjonsanlegg og ljosløyper samt ein bra infrastruktur har bidratt til å plassere Hovden på langrenns-kartet. I åras løp har Hovden vore arena for eit utall av store og små renn, som for eksempel Noregs-cup for juniorar fleire gonger. Produksjon av snø og køyring av løyper blir i dag handtert av Hovden Løypekjøring og Hovden Hytteservice AS og sikrar kvaliteten på løyper både i samband med arrangement og for turgåarar. Då eg vaks opp var Hovden først og fremst ein alpindestinasjon, i dag er Hovden også ein stor langrennsdestinasjon. Slik hadde det neppe vore utan etableringa av Hovden Skigymnas. Her må eg trekke fram den første langrennstrenaren som vart tilsett på Hovden Skigymnas, Kjetil Grindheim. Utan hans engasjement og kunnskap ville vi ikkje ha kunna lukkast med å arrangere eit NM på Hovden.

Arrangørklubbane Hovden Sportsklubb og Bykle IL, vil saman med frivillige frå Bykle kommune og store delar av Sørlandet gjere sitt beste for at arrangementet på Hovden blir vellukka. Vi ynskjer deltakarar, leiarar, Norges Skiforbund og publikum vel møtt til innhaldsrike og flotte dagar på Hovden.

**Hans Blattmann**  
Ordførar



## NM på ski en viktig møteplass!

Sørlandet er kanskje ikke like kjent for sine vintersportstradisjoner som deler av Østlandet og ikke minst Trøndelag, men Hovden er en sjelden vinterperle. Det er ikke bare sørlendingene som valfarter hit for å dyrke skigleden i alle aldre, for hit trekker skientusiaster fra både øst og vest. De siste tiårene har vi sett en rivende utvikling i fjellbygda, som nå fremstår som et av Sør-Norges mest populære vintersportssteder.

NM del to er ikke bare en sportslig avslutning på VM-sesongen, men er også en viktig møteplass for utøvere, trenere, støtteapparat, frivillige, ledere og kretsene i vårt langstrakte land. Og for Hovden er dette en mulighet til å vise fram alt regionen har å by på i snøsikre omgivelser.

Hovden NM 2025 lover å bli en spektakulær avslutning på sesongen, både sportslig og organisatorisk. Vi gleder oss og sørlandsregionen markerer seg som en viktig del av norsk skisport, både med utøvere og arrangører. Det er for mange en fin mulighet til å samtidig få med seg både fjord og fjell i spektakulære omgivelser her i Setesdalen, hvor kultur, musikk og ski har lange og stolte tradisjoner.

**Lykke til** med arrangementet og flotte NM-dager!

**Tove Moe Dyrhaug**  
Skipresident



**Atle B. Egeland**  
Styreleiar  
HSK

**Roar Hjelmeset**  
NM-kordinator

**Olav Mandt**  
Styreleiar BIL

## Hovden Sportsklubb og Bykle IL arrangerer NM langrenn del 2-2025, Hovden 27. – 29. mars. Juniorfinalar 30. mars.

**Me søkte** om å få arrangere NM del 2 i 2022, og har etter dette levert søknad kvart år. Tilslaget fekk me endeleg for arrangementet i mars 2025. Det er då 31 år sidan forrige gong det var langrenns-NM i Agder, i Vegårshei i 1994.

**HSK og BIL** er to små klubbar som skal arrangere NM for første gong. HSK har om lag 240 medlemmer og BIL om lag 230. Sjølv om Bykle er ein relativt liten kommune i innbyggjartal (ca 1000), så har kommunen lang erfaring når det gjeld gjennomføring

av større skiarrangement sidan 1996. Kommunen har også hatt skigymnas i over 40 år der tilsette har god kompetanse innan større skiarrangement.

**Frå 1996** har me hatt Noregscup for juniorar med opp mot 1000 deltakarar, 5 gonger. Og det årvisse turrennet HovdenTour frå 2012 med 1400 - 2000 deltakarar.

**Langrennsteknisk** har me svært god kompetanse og erfaring. Det nye blir fleire

tilskodarar og TV-sendingar på TV2.

**HSK og BIL** har inngått samarbeid med naboklubbane Valle IL og IL Rein i Haukeli. Saman med ressursane her, meiner me å ha eit godt grunnlag for eit vellykka arrangement.

**Hovden Sportsklubb og Bykle IL** ynskjer Ski-Noreg velkomen til eit spennande arrangement siste veka i mars 2025, med ynskje om triveleg ver og gode konkurransetilhøve.



**Det er ei stor glede** for Agder fylkeskommune å kunne bidra til å støtte NM på Hovden i Setesdal. Dette meisterskapet samlar landets beste idrettsutøvarar og markerer eit høgdepunkt for mange av dei som har trena iherdig gjennom heile året. Å få vere ein del av denne prestisjefylte konkurransen, der utøvarar gir alt for å nå måla sine, er både inspirerende og motiverande for oss alle.

**Idretten spelar** ei viktig rolle i samfunnet vårt. Ho skapar samhold, byggjer lagånd og gir rom for både meistring og glede. NM på Hovden viser breidda og kvaliteten i norsk idrett, samstundes som det inspirerer yngre generasjonar til å vere aktive, setje seg mål og jobbe hardt for å oppnå dei. Utøvarane som konkurrerer her er flotte førebilete, og

vi er stolte av å kunne støtte ein arena som let dei skinne.

**I tillegg** er det flott å sjå korleis eit arrangement som dette løftar fram det beste Setesdal har å by på. Naturen her gir ei perfekt ramme for skiidretten, og det rike kulturlivet og den lokale gjestfridomen skaper ei heilt unik oppleving for både deltakarar og publikum.

**Eg ynskjer** arrangørane lukke til, utøvarane dei aller beste konkurransedagane, og publikum ei oppleving fylt med spenning, idretts glede og minner for livet.

**Arne Thomassen**  
Fylkesordførar

### AVIS FOR Ski-NM Del 2 HOVDEN 2025

Redaktør **Ole Birger Lien**

#### BIDRAGSYTARAR:

Leonhard Jansen

Geir Daasvatn

Martine Vik

Grete Breivik

Bjarte Haugsgjerd

Thoralf Hildebrandt

Setesdalsmuseet, fotosamling

Trykking: Polaris Trykk Arendal

Opplegg og produksjon: PM Grafisk Sør AS

Opplag: 10 000



# VELKOMMEN

## til skifesten NM på Hovden!



Det ligg an til reinaste folkefesten på Hovden med NM på ski frå 27.- 30. mars. Med alt frå sprintstafett til 50 km klassisk bør det bli nok av spenning rundt løypene, på langrennsarenaen og ikkje minst framom TV-skjermen!

NM på Hovden tar til med sprintstafett fristil torsdag 27. mars. Fredag 28. mars er det klart for 5 og 10 km fristil. Laurdag 30. mars er det tungvektarane 30 og 50 km klassisk som står på programmet. Same dagen blir sprint junior fristil skipa til. NM på Hovden blir avslutta søndag med NC finale junior klassisk fellesstart.

- Eit program som byr på det eine høgdepunktet etter det andre. Her kjem noregseliten til startstreken, og me er så heldige å ha lokale talent med. Både for dei som kjem til Hovden og alle som skal fylgje sendingane i TV2 blir dette eit høgdepunkt denne vinteren, seier NM-general Roar Hjelmeset.

For meir detaljar kring programmet, tidspunkt og annan nyttig informasjon, viser me til programmet på nest siste side i avisa. Sjå også sendeskjema for TV2 – som skal sende 14 timar direkte frå idrettsfesten NM på Hovden 2025!



Setesdal  
vidaregåande skule

HSG  
hovdenskigymnas.no



Hovden Skigymnas

# Ønsker du deg en annerledes skolehverdag?

Vi tilbyr studiespesialisering kombinert med:

- TOPPIDRETT LANGRENN
- TOPPIDRETT SNOWBOARD
- TOPPIDRETT FREESKI
- BREDDEIDRETT – «FLYT»

LES MER OM OSS HER:



# TV2 sender 14 timar direkte frå NM på Hovden



**DENNE GJENGEN DEKKER NM PÅ HOVDEN:** Marius Skjelbæk, Ida Moseng, Petter Northug og Petter Skinstad. (Foto: TV2)

NM på Hovden i mars blir ei oppleving for fastbuande og tilreisande skientusiastar – og for heile landet! TV2 er på plass og skal sende i alt 14 timar direkte frå langrennsdagane øvst i Setesdal. Rosina i pølsa? Petter Northug både i sporet og bak mikrofonen.

For langrennsprofilen, som i grunnen har lagt opp men ikkje heilt – skal truleg gå under NM sjølv. Utsendt frå TV2 er han likevel, og kva ablegøyar han kan finne på med både utøvarar og publikum blir spennande å sjå! Kjenner me Northug rett kjem han med skråblikk på både det eine og det andre, alt saman med skifaglege innspel få kan matche.

#### 14 timar direkte TV


Det er på TV2 sin hovudkanal at sendingane frå Hovden skal gå. I alt kring 14 timar blir det. Torsdag 27. mars er det planlagt sending frå klokka 15-18.30. Fredag 28.

mars er det sendetider 12.30-14 og 15.30-18.30. Laurdag 29. mars kan ein benke seg framom skjermen og sjå NM på Hovden frå klokka 11 til 17, litt avhengig av når vinnar er i mål.

#### Breid dekning

I tillegg til dei faste sendingane skal langrennsprofilane i TV2 også lage innslag for både sportsnyheitene på TV, nettsaker på tv2.no og TV 2 Play. Ei breid dekning med andre ord, av ein idrettsfest mange no ser fram til. For dei uheldige, som ikkje kan vere til stades på Hovden under NM – er altså TV2 staden å vere!

# HAUKELI HEILE ÅRET!



[www.visithaukeli.no](http://www.visithaukeli.no)

# Sørrendingar i knallform

## før NM på Hovden



**SØRRENDINGAR I KNALLFORM:** Fra venstre, Mathias Holbæk, Harald Østby Amundsen og Thomas Mollestad.

Ski-NM på Vang ved Hamar i slutten av januar gav bod om sørrendingar i knallform før NM del 2 på Hovden!

Med sølv til Mathias Holbæk frå Vindbjart og bronse til Thomas Mollestad frå Oddersjaa luktar det fugl av det som kan kome på Hovden! Ikkje sidan 1958 har det stått to sørrendingar på pallen i eit NM! Den gong vann Reidar Andreassen frå Herefoss femmila framom Ådne Mykland frå Mykland i Froland.

- Ei gedigen gavepakke også for NM på Hovden! Med lokale deltakarar som gjer det så skarpt, blir sjølvstas interessenten for meisterskapet øvst i Setesdal endå høgare, trur NM-general Roar Hjelmeset.

### Byen kjem til Hovden

Det er venta fleire tusen publikummarar til Hovden under NM. Mange av dei – og no truleg endå fleire enn før, kjem frå Kristiansand.

- Me skal ta like vel imot alle, men det er sjølvstas viss også dalen og regionen me skipar NM til i er god representert. I så måte var NM på Vang perfekt. No ser alle at viss ein skal rekne opp «kanonar» i sporet, ja då må me også rekne me våre eigne, smiler Hjelmeset.

# Oddvar Brå klar for NM på Hovden



Ein av dei heilt store innan norsk skisport, Oddvar Brå, er til stades under NM på Hovden. Brå er jamnt å treffe i skispora øvst i Setesdal, og gler seg stort til meisterskapet.



Oddvar Brå. For alle i dette landet over 20 år seier namnet alt. NM-kongen med 16 gull, og dessutan tre frå junior-nivå. To samanlagtsigrar i verdscupen. To VM-gull. To Ol-sølv, to VM-bronser og like godt ein NM-tittel i friidrett. 73-åringen er ein bauta. Framleis kan ein svært stor del av befolkninga her i landet seie akkurat kor dei var då Brå brakk staven i 1982 – Oddvar Brå er skihistorien i Noreg personifisert! At han også kan skilte med NM-gull på 50 km frå 1975 då NM vart skipa til mellom anna på Flatebygd i Evje og Hornnes, gjer Brå endå meir til «vår» mann! På Flatebygd for 50 år sidan vann han klassikaren framom Magne Myrmo og Iver Jønland.

#### Hytte på Hovden

Oddvar Brå har tilknytning til Hovden gjennom kjærasten Nina Sunnås, som har hytte på Hovden. Dei har vore i lag i 13 år, og har vore mykje her i dalen.

- Det er fantastiske forhold på Hovden, med snøsikre skiområde og dessutan flotte fjell, noko eg ikkje er vand frå oppveksten. Eg er framleis sers glad i å gå på ski, så når me er på Hovden nyttar eg løypene alt eg kan, seier han.

Brå gler seg stort til NM.

- Sjølv om NM i dag er noko heilt anna enn det var då eg var aktiv utøvar, så står likevel NM i ei særstilling. Dit skal dei fleste, og med støtteapparat og arrangørar blir det enormt mange som samlar seg. Det er alltid moro å vere til stades, ein treff stadig kjente, og blir kjent med nye menneske i miljøet ein er så glad i, seier han.

#### Lang teneste

I tillegg til alle åra som aktiv utøvar, har Oddvar Brå også brukt tida si på skisporten etter at han la opp. Engasjementet hans i Olympiatoppen varte like til 2019.

- Eg har vel vore i «systemet» i kring 50 år, så det har jo vore sjølve livet, det. Etter at eg la opp har skigåing likevel vore ein hovudsyssel, seier Brå, som også har gått Hovden-Tour fleire gonger.

- Det er eit flott renn med fine trasear. Eg hugsar også at eg var med på ein slag forløpar til rennet, dette var tilbake i 1994. Då vart eg, Thomas Alsgaard og Bjørn Dæhlie frakta med helikopter til eit renn på Hovden. Det var ein staseleg måte å kome på, me fekk sjå løypa i fugleperspektiv før me festa skia på beina, smiler han.

#### Den dramatiske VM-stafetten

Same kor mange gullmedaljar Oddvar Brå kan skilte med, så er han nok likevel aller mest kjend for den dramatiske VM-stafetten under VM i Oslo i 1982. Han brakk staven på sisteetappen mot Alexander Zavjalov og Sovjetunionen. Så var det ein journalist i Dagbladet som kom opp med spørsmålet «Kor var du når Brå brakk staven»? – resten er som det heiter, historie.

- Det tok aldeles av, fullstendig. Men det seier vel litt om kor viktig vinteridrett er i dette landet. I 1982 var det jo bare NRK å fylgje med på også, så «alle» såg dette. Den dag i dag blir eg minna på hendinga, akkurat den episoden blir heilt tydeleg aldri gløymt, humrar Brå.

Stafetten endte med delt gull mellom Noreg og Sovjetunionen. Norsk historie det altså, akkurat som Oddvar Brå sjølv er. Under NM er han å finne på Hovden – som han så ofte er også elles. Rundt om i bygdemiljøet, til fjells – eller aller helst i skiløypa, langt inne i vintereventyret øvst i Setesdal.



## Oddvar Brå vann 50 km på Flatebygd i 1975

NM-kongen Oddvar Brå er til stades under NM på Hovden i 2025. Han har også vore i Agder som utøvar under NM – på Flatebygd i Evje og Hornnes i 1975.

Der vann han klassikaren 50 km framom Magne Myrmo og Iver Jønland. Meisterskapet i nordiske greiner den gong vart skipa til i Heddal og Flatebygd i Aust-Agder, og Rælingen og Bærum i Akershus.

Brå vann også 15 km som vart skipa til på Heddal.

- Eg har gode minner frå det meisterskapet.

At det no er NM i andre enden av Setesdal er flott, tykkjer Brå.





# VELKOMEN TIL BYKLE i SETESDAL!

«Bykle ser langt» - er vår visjon.

Vi har rike naturressursar. Kommunen forsyner Noreg med mykje rein energi i form av vasskraft. Vi er verneområdekommune og vertskap for Europas sørlegaste villreinstamme.

Naturressursane er til stor glede for fastbuande, hytte-Byklarar, ungdomar i utdanning ved Hovden skigymnas og for turistar og besøkande – sommar som vinter.

Vi er opptekne av å foreine dei tre berekraftsdimensjonane i samfunnsutviklinga; sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Vi arbeider for lokal verdiskaping basert på dei lokale fortrinna vi har, samt å forvalte naturen for framtidige generasjonar.

Her kan du oppleve smaken av Setesdal, rik kulturarv, rein fjell-luft og roa i naturen, den særprega fjellbygda Bykle med unike kulturlandskap og bygningar, eller den meir pulserande fjellbyen Hovden. Kommunen legg ressursar i løyper og tilbod som du som vitjar oss er velkomen til å bruke, så mykje du vil!

Vi ligg midt i Sør-Noreg, mellom Stavanger, Bergen, Oslo og Kristiansand. Det gjer oss aktuelle som møteplass og arrangementsstad, og ikkje minst for etablering av nye næringar. Har du lyst til å kome hit igjen på besøk eller for å bu eller etablere deg – høyrer vi gjerne frå deg!

Bykle kommune

*Hans Blattmann*

**Hans Blattmann**  
ordfører

[www.bykle.kommune.no](http://www.bykle.kommune.no)



**BYKLE  
KOMMUNE** – Bykle ser langt

# Petter Northug ute etter gull på Hovden



Petter Northug kjem til NM på Hovden både for å la kjeften og beina gå! Han er del av TV2 sitt team under meisterskapet, men har også gull i sikte på teamsprinten torsdag 27. mars!

Teamsprinten har han tenkt å gå saman med broren Even.

- Me har jo eit sylv å forsvare frå i fjor, men eg siktar jo alltid høgare enn det! Me må gå for gull. Eg har vunne på Hovden før, så no skal me knuse Klæbo! Seier skiprofilen med glimt i auga.

#### Går for Strindheim

Petter Northug og bror Even går for Strindheim. Laget dei først og fremst må tukte er byrival Byåsen – der Johannes Klæbo altså går.

- Eg gjekk til topps på Hovden i 18-årsklassen i 2004, så eg veit korleis eg skal vinne øvst i Setesdal, slår den største profilen i skisirkuset fast.

Med teamsprinten får altså NM på Hovden ein pangstart – dette blir ein idrettsleg folkefest av dimensjonar!



**PÅ SKITUR VINTEREN 1936:** Såve T. Nomeland, Lars Bergendahl og Gjermund K. Nomeland. Den siste har vi ikkje namn på.

## Første 50-kilometeren på Sørlandet

Det var mange framførte då Valle IL skipa til 50 km langrenn ut på vinteren 1936. Eldsjela i idrottslaget, Gjermund Nomeland hadde invitert den seinare verdsmeisteren Lars Bergendahl til Valle, og han var i bygda ein heil månad og trente og lærde dølane til å gå fort på ski.

Fædrelandsvennen kunne 6. april melde at dette var den første 50-kilometeren som vart arrangert på Sørlandet. Lars Bergendahl vart ein klar vinnar i det han sjølv kalla «en ordentlig slitløype». Løypa, som dei gjekk to gonger, starta i Berg i Valle og gjekk i ein stor boge rundt Skarveheii og vidare inn til Stavskar, gjennom Hylesdalen og tilbake. Ved støylen Holtet var det rigga til matstasjon der dei serverte ekte setesdalssuppe til å styrkje seg på.

Frå Fjellgardane stilte tre samiske reindrygjætarar til start, og imponerte med sitt etter tilhøva dårlegare skiutstyr. Gjermund Nomeland vart sjølv nr. 4 i rennet med tida 4.18, og kunne også melde at det no ville bli stifta eige idrettslag også i Bykle.

#### FAKTA SKI-NM PÅ HOVDEN 2025:

#### Kring 900 deltakarar på NM

I tillegg til seniorane er det mange juniorar med på NM. I alt reknar arrangørane med kring 900 deltakarar på meisterskapet. Med totalt støtteapparat betyr det 1400-1500 personar.

HOVDEN BADELAND  
TRENING & SPA

Velkommen til Hovden Badeland!

Uansett hvordan været er ute, kan vi friste med sommer-temperatur i luften og 30 deilige varmegrader i vannet.



Åpent daglig til kl. 20 hele vinteren!

Skulevegen 9, 4755 Hovden | Tlf: 37 93 93 93 | E-post: post@badeland.com



**EVJE**

Verksvegen 1, 4735 Evje

**37 92 95 60**

**OPNINGSTIDER:**

Måndag	05.30-23.00
Tysdag	05.30-23.00
Onsdag	05.30-23.00
Torsdag	05.30-00.00
Fredag	05.30-00.00
Laurdag	06.00-00.00
Søndag	08.00-00.00



*Det naturlige stoppestedet langs Rv9*



- Stort utvalg i mat • Over 60 sitteplasser inne
- Ladestasjoner til El-bil



Abonnement i bedriftsmarkedet

160 000 ↑

Antall bedrifter

22 000 ↑

Markedets raskeste svartid

< 30 sek ⌚

Unifon er stolt sponsor av

Mathias Holbæk,  
langrenn,  
og NM på Hovden

Norges største telefoniutfordrer  
sponser Norges fremste langrennsutfordrer.



# HOVDENTOUR

# LØRDAG 5. APRIL 2025



- Distanser 10, 22 og 42,5 km klassisk stil
- Høyfjellsløype – start og mål på Hovden  
Deler av løypa går i vernet område.
- Hyggelig afterski i målområdet
- Teknikk-kurs i langrenn  
– et arrangement for alle nivåer!

## ET AV NORGES STØRSTE TURRENN!

MER INFO OG  
PÅMELDING:  
[hovdentour.no](http://hovdentour.no)



**Skirenn for lillesøster, bestefar eller den som jakter melkesyra!**

Våre hovedsponsorer:



Gumpens Auto Vest

# Løypenettet

på Hovden er no 160 kilometer langt



Det har blitt køyrt opp langrennsløyper på Hovden sidan 1960-talet. Løypenettet har aldri vore meir omfattande enn det er i dag.

Det er Hovden løypekøyning som administrerer løypenettet og ser til at det er i tipp topp stand. Dagleg leiar Torvald Gautland set æra si i at løypene skal vere gode.

- For ein destinasjon som Hovden er det sjølvstøtt avgjerande at langrennsløypene er av høg standard. Så er det ikkje alltid så enkelt, me har utfordringar knytte til både ver og miljø. Likevel, standarden er så bra at det blir snakka om, slår han fast.

#### 160 km spor

Kvar dag i sesong er det fire-fem løypekøyningar i like mange maskinar i sving i Bykle og på Hovden.

- Me har høgjellsløyper, og me har løyper i skog. Me har løyper på Hovden, i Midtregionen og i Bykle. Alle er like viktige. Spesielt høgjellsløypene er utsette for ver og vind, men utgangspunktet er at alle løyper skal vere topp preppa kvar dag, seier Gautland.

#### Frivillig løypebidrag

Hovden løypekøyning har eit totalbudsjett på 5,3 mill. kr.

Bykle kommune er tungt inne, men det frivillige løypebidraget gjev kring 1,2 mill. kr. per sesong.

- Me skulle nok ha sett at det bidraget var endå høgare, men me er på veg. Det frivillige bidraget er sett til 850 kr. per sesong, og nokre hytteveier har det inne som fast del av kontingenten. Så håpar me ein dag å kunne seie at alle som nyttar løypene er med på spleiselaget, men heilt der er me ikkje i dag, slår Gautland fast.

#### Vil vidareutvikle løypene

Hovden løypekøyning har starta opp vidareutvikling av løypenettet. Der er ikkje hovudpoenget fleire løyper, men å gjere meir av det eksisterande løypenettet til heilårsløyper.

- Målet er at fleire av løypene også skal kunne syklast eller gåast på. Me er i gang, men ikkje i mål. Me ynskjer fleire løyper, men det er utfordrande. Løypenettet er uansett i stadig utvikling, akkurat som destinasjonen Hovden er, seier Torvald Gautland i Hovden løypekøyning.



EVER HEARD  
OF THE GREAT  
INDOORS?



TWENTYFOUR  
GET OUT MORE

# Gratis barneskirenn

## i Hovden sentrum

HovdenTour skipar til Hovden Minitour i vinterferien.  
I år kan ein også kalle skirennet Mini-NM!



Det heile går føre seg laurdag 22. februar.

Alle born mellom 3-10 år kan delta. Løypa er kring 500 meter lang.

- Påmeldinga kan gjerast på Fjolls til fjells onsdag 19., torsdag 20. og fredag 21. februar. Ein kan også melde seg på i sentrum sjølve renndagen. Det er gratis å vere med, seier Roar Hjelmeset i HovdenTour.

Det blir ikkje tidtaking eller resultatliste i rennet. Alle får lue, bollar og saft når dei kjem i mål. I fjor var meir enn 200 born med.

- Så håpar me at endå fleire blir med i år, i NM-året. Det er kjempefint viss foreldre og vener er med som «støtteapparat» og heier deltakarane fram.

Då blir det moro i sentrum! seier Hjelmeset.

God NM-stemming altså, no er det bare tida og vegen til den store idrettsfesten tar til!



### Kva tykkjer du om at NM på ski skal skipast til på Hovden?

Me har tatt ein sveiv i Hovden sentrum og spurt folk kva dei tenker om det komande NM på Hovden.



**Victoria Slapgaard (25)**, busett på Hovden:  
- Det blir veldig moro med liv og røre på Hovden! Det er alltid moro når det skjer noko, og NM er jo ein stor ting!



**Gunhild Vigdis Brokke (57)**, busett på Hovden: - Dette blir kjempemoro. Det kjem masse folk, eg trur NM kjem til å sette Hovden skikkeleg på kartet.



**Thina Reppen (27)**, sesongarbeidar på Hovden: - Veldig kult med NM og så mange som kjem hit!



**Robin Blom-Pettersen (36)**, busett på Hovden: - Det blir veldig moro! Eg trur det blir kjempestemning på Hovden under meisterskapet.



**Martin Christensen**, busett på Hovden: - Det blir heilt topp med NM på Hovden!



HOVDENTOUR

**Snart klart for 12.****HovdenTour i historien**

Ikkje før har NM-støvet lagt seg øvst i dalen, så brakar det laus med langrenn igjen! Helga etter NM, nærare bestemt laurdag 5. april, er det klart for turrennet HovdenTour på Hovden. Det er 12. gong rennet blir skipa til.



Med unntak av to koronaår der ein måtte avlyse har HovdenTour blitt skipa til kvar år sidan starten i 2012.

- Rennet har blitt ikkje bare eit fast innslag på tampen av sesongen på Hovden, men eit svært viktig arrangement. Både bygdefolk og hyttebyklarar samlar seg til dyst, og folk frå kysten er nok i fleirtal på startstrekken, seier arrangementsansvarleg Roar Hjelmeset.

#### Snitt på 2000

Sjølvsagt om oppslutninga på HovdenTour har variert litt, er snittet 2000 løparar på startstrekken kvart år.

- Me vann mykje både på natur og det reinte praktiske. HovdenTour går i eit terreng dei færreste destinasjonar kan vise maken til, og me har start og målgang i same bygda. Det gjer det mykje enklare for dei frå kysten som skal oppover riksveg 9 og vere med, men som kanskje ikkje skal overnatte. Dei har strake vegen ned att, seier Hjelmeset.

#### Klassisk renn

HovdenTour er eit klassisk renn, og ein kan velje mellom distansane 10, 22 og 42 km.



- 10-kilometeren innførte me i 2018. Det var nok eit godt grep. Entusiasmen rundt rennet er høg, me har tru på gode år i vente, smiler Hjelmeset.

På spørsmål om kven som er den typiske HovdenTour-gåar er det nok ikkje tvil om at eit fleirtal av dei som går, har heimeadresse i Kristiansand og omland. Ein del lokale og setesdølar elles er det likevel alltid.

- Me set opp gratis buss opp- og ned dalen for dei i Setesdal som treng skyss. Det er ikkje tvil om at HovdenTour har potensial for endå fleire startande. Mange peiker på at det at ein del av løypa går i terreng som elles ikkje blir køyrt opp for langrenn, gjev rennet eit eksklusivt preg. På fine dagar – og det er det stort sett, er HovdenTour rett og slett eit vintereventyr, lokkar HovdenTour-general Roar Hjelmeset.

#### Festen etterpå

Så skal ein heller ikkje gløyme at det etter rennet er ein stor og heidundrande fest i målområdet for alle. Der er det liv og leven, musikk og moro – og solid afterski-stemming for glade idrettshovud og slitne langrennsbein!

Så er det bare å hugse at neste HovdenTour blir skipa til laurdag 5. april! For den som vil vite meir er det bare å sjå på nett: [www.hovdentour.no](http://www.hovdentour.no)

# Ein gong ein utkant

– men det er det ei stund sidan no

Fjellgardane - dei øvste gardane i Setesdal - var eit vegskilje der farande folk måtte gjere eit val for kvar ferda vidare skulle gå. Vestover bar det over Meien til Suldal og Ryfylke, nordover og austover gjekk fjellveggar til dei øvre bygdene i Telemark. Dei fleste på Hovden hadde ætterøtene sine der aust. Sambandet med resten av Setesdal var lite. For hestekøytøy med hjul var det uframkomeleg.

Vinteren var ei kald og einsam tid, der ein sjeldan møtte andre enn grannar. Det var farefullt å leggje over heia vinterstid, og somme enda sine dagar på slike reiser. Ski var ein sjølvstøtt del av det utstyret ein trong for å greie seg i høgfjellet om vinteren.

Om vinteren var stille, så var det liv og røre om somrane. Då kom det krøtterdrifter vestfrå med flokkar av kyr og sauer som vart sleppte på dei vide og frodige heiebeita. For fjellbonden var viktigaste arbeidet å få fôret i hus; høy og lauv i store mengder. Korn var vanskeleg å dyrke, men potetene vart gode. Målet var å vere mest mogeleg sjølvhjelp, for det var langt til næraste kjøpmann.

Veg til Bykle kom ikkje før i 1879, og dei på Hovden måtte vente heilt til 1935. Det var vegen som til slutt og rest fekk dei som budde langt der oppe til å sjå mot sør. Saman med dampbåt på Byglandsfjorden frå 1867, og jernbane til Byglandsfjord i 1896, var den reisa lettare og tryggare. Det var byklarane som ivra mest for å få til eit rutebilselskap, og då L/L Setesdal automobilrutor begynte å køyre mellom Ose og Berdalsbru sommaren 1920, kunne byklarane som andre dølar take ein telefon til byen den eine dagen, og vente på varene med rutebilen neste dag. Brøyte vegar vart det likevel ikkje før ut på 1930-talet, så det var lurt å handle inn korn og andre nødvendige matvarer før snøen kom.

Tungdrevne gardar og langt til ein marknad for dei fleste bøndene i Bykle gav ikkje gardsdrifta åleine eit levebrød. Det var eit stort problem at kornavlinga ofte vart øydelagt av frost. I middelalderen var Fjellgardane eit sentralt område i Sør-Noreg for produksjon av jern, og gav inntekter tilstrekkeleg til å leve relativt godt av. Ein interessant teori er også at ein på slike fjellgardar baserte seg på eit omfattande sauehald, og skaffe seg inntekter mellom anna ved sal av ull som trongs når den norske vikingflåten skulle utrustast med segl!

I seinare tid var det knapt anna å selje/bytte med enn det ein måtte ha av overskot frå husdyra, samt det som ein kunne skaffe gjennom jakt og fangst. I hovudsak mjølkeprodukt som smør og ost, kjøtt og skinn, fisk, ryper og iallfall i seinare tid også bær. For mange kunne vårknipa verte vanskeleg, og då var einaste håpet om ein kunne få hjelp med litt korn av gode grannar i bygdene lengre sør.



Etter krigen var det ikkje mange som såg ljost på å utsiktene til å satse på ei framtid i Bykle. I 1970 var folketalet berre 470 personar. Ein nedgang på mest hundre berre det siste tiåret. Kommunen bar preg av dårleg økonomi og små kår. Men noko var i ferd med å endre seg.

## Vassdragsreguleringar

Reguleringane av fjellvatna hadde starta opp alt i 1917. Den gong med tanke på fløyting av tømmer. Utbygginga av Brokke Kraftverk i nabokommunen Valle 1961-64 involverte også Bykle på den måten at det vart bygt ein dam i Bykil, og ein 32 km lang tunell ned til kraftstasjonen.

Nye prosjekt var snart på gang. Byklarane vann kampen mot den planlagde Bykildammen. I staden kom det høgare dammar i Bossvatn, og Nordbygd vart neddemt. I Vatnedalen kunne ein av Nord-Europas største fyllingsdammar takast i bruk i 1983. Magasinet har ein kapasitet på 1150 mill. m<sup>3</sup>, og ei reguleringshøgde på 140 meter.

Systemet er bygt opp på den måten at vatnet som vert samla i magasina lengst oppe i dalen, vert ført gjennom tunellsystem og via pumpestasjonar, slik at vatnet til slutt har passert 8 kraftverk

før det renn ut i havet. Bykle kommune står for om lag 4% av Noreg sin samla vasskraftproduksjon.

## Nye tider

Etter 1960 var heile det økonomiske systemet i oppbrot, og grunnlaget for all næringsverksemd endra. Tradisjonell utmarksdrift vart ulønsam. Kraftutbyggingane endra det meste. Det var meir eller mindre som å slå på ein brytar. Lønene auka veldig. Det som på 1950-talet var dagløner vart no time-løner. Gamle tømmerhus fekk bølgeblekketak og nye vindauge. Andre reiv liksom godt alt saman, og fekk sett opp moderne bygg med do inne, og store termopanruter i stova. Ubrukelege uthus vart erstatta med funksjonelle driftsbygningar. I løpet av 1960-åra var det mest ikkje att hestar. Det sveiv i motorar både på jordene og etter vegane. Nokre fekk til og med mjølkekemaskin i fjøset og miksmaster på kjøkkenet.

Det grøvste var gjort på eit lite tiår, og ingen tenkte vel i grunnen at det var så galt. Endeleg kunne også byklarane ha det som andre folk! Det å vere moderne var eit uttrykk som alle oppfatta som eintydig positivt. Det var fyrst eit stykke ut i 1970-åra at nokre begynte å sjå seg

tilbake, og oppdaga at ein var i ferd med å miste fotfestet i eigen kultur. Heldigvis var det ikkje for seint, og framleis er det att mykje av det opphavlege, både i kulturlandskapet og i tradisjonane.

## Velstand og vekst

Også kommunen fekk inntekter. Store inntekter. Administrasjon eksisterte så å seie ikkje før 1975, då Bykle på kort tid fekk kontorsjef, kommuneingeniør, helse- og sosialsjef og kultursjef. Dessutan takka kommunen nei til vidare samarbeid med Valle om stillinga som skulesjef, og sette i gang arbeid med å etablere eigen ungdomsskule. Administrasjonssenteret vart etablert i Bykle kyrkjebygd, medan det i Fjellgardane vart gjort omfattande investeringar i infrastruktur med tanke på å styrke reiselivssatsingane der. Det har vorte mange overnattingsbedrifter, moderne aktivitetssenter og storstilt hyttebygging. Den vidaregåande skulen frå 1991 ber namnet Hovden Skigymnas, og har som motto «Sammen mot drømmen».

Hovden er i dag den største ski-destinasjonen på Sørlandet, og folketalet i kommunen har passert tusen.



Det var vanskeleg å halde vegane oppe med dårleg brøyteutstyr. Denne kolonna er på veg til Hovden på nyåret 1937 med utstyr til Hovden Høifjellshotell som då var under bygging. Det hadde vore mykje vind og snøfokk, og vegen hadde vore stengt nokre veke. Foto: Lars Liestøl.



Stilt og fredeleg å gå på skitur i 1968. Foto: Normann Kunstforlag. CC-lisens, Nasjonalbiblioteket.



Hovden, eller Hovden bru som det står på skiltet, var bokstaveleg talt eit vegkryss etter at vegen over til Telemark stod verdig i 1939. Furumo kafe frå 1946 som framleis er å finne i Hovden sentrum.



Det fyrste Hovden Høifjellshotell vart opna i juni 1937. Det var eit luksushotell med innlagt vatn og straum, og som ein ser av dette biletet frå slutten av 30-talet hadde gjestene rikeleg med natur rundt seg. Hotellet brann i 1946, og nytt vart bygt på same staden i 1967. Foto: Mittet.





# BYKLE VINDU | iSOKITT®

TRADISJON & INNOVASJON SIDAN 1984



Spesialist på vindauge til verneverdige bygg

Me sponsar lokale idrettslag og idrettsutøvarar, og ønskjer arrangørar og deltakarar lykke til med NM på Hovden!

Besøk gjerne utstillinga vår på ROM FOR TRE i Oslo.

[www.byklevindu.no](http://www.byklevindu.no)



## Valle Sparebank ynskjer alle utøvarar lukke til i NM på Hovden!



Valle | Kristiansand | Vennesla | T 37 93 60 60 | [post@valle-sparebank.no](mailto:post@valle-sparebank.no)

# Tamrein

I 1880-åra kom dei fyrste flokkane med tamrein til Setesdal. Sørsamen Jon Andersen Arefjell og kona Kristine Thomasdotter kom med ein flokk på ca. 1000 dyr i 1886. Det vart starten på eit mest hundre år langt prosjekt med tamreindrift i Setesdal. Mange samar flytta til dalen i ein periode, men følgde med reinsflokkane vidare då det etter kvart vart konflikt og konkurranse med lokale bønder om beiteområda. Bygdefolk som hadde jakt på villrein som ein viktig del av levegrunnlaget, var heller ikkje særleg fornøgde når villreinen forvilla seg inn i tamreinflokkane og vart borte. Dei siste samiske reinsdyrflokken forlot Setesdalsheiane kring 1915.

I 1895 vart det fyrste lokale tamreinlaget skipa med seinare lensmann Juel Lund som leiar. Det var omorganiseringar og konkurransar undervegs, men det som i 1930 fekk namnet Byklehei reinsamlag var i drift heilt fram til 1978. Mykje av tida med hjelp av samiske gjætarar. Villreinen fekk då gå i fred på vestheia, medan tamreinen hadde sine beite på Setesdal Austhei.

I dag vert også reinen på Setesdal Austhei forvalta som villrein.



◀ **FRÅ SETESDALSMUSEET:** Samiske reingjætarar. Tamreingjærtning i Fjellgardane Jakob Jåmafjell og Anders J. Somby. Foto: Håkon Breive.

▼ **BREIVE 30:** Gjætarane i Fjellgardane kring 1920: Knut H. Jeiskeli, dei samiske gjætarane Lars Fjellner og Kristoffer Sveberg, Herjus K. Berg og Torbjørn K. Bjåen.



# Unesco-kommunane blir med på NM-festen

Som del av NM i langrenn på Hovden kjem Unesco-kommunane Bykle, Valle og Bygland til å vere sterkt til stades med solide smakebitar av det som er ein så spesiell og rotekke del av den norske folkemusikken at alt saman står lina opp på Unesco sine lister over imateriell verdsarv!

Det er dans og spel frå Setesdal som er å finne på den heilt spesielt eksklusive Unesco-lista – ei liste der også bunadbruken no skal få sin plass. Kulturleiar i Valle kommune, Torunn Charlotte Nyberg, gler seg storleg til å vise fram litt av den vaskeekte kulturen under NM.

- Det er jo så flott at Bykle IL og Hovden sportsklubb har fått lov til å skipe til NM, og det er så gledeleg at folkemusikk og -dans også kan bli ein del av alt saman, seier ho.

## Pop up-hendingar

Unesco-gjengen som kjem til Hovden kan dukke opp fleire stader i løpet av meisterskaphelga. Det som er

sikkert, er at det er utøvarar i den absolutte nasjonale toppklassen som ventar! I dans, kveding, fele og munnharpe – lista over lokale utøvarar med både ein og fleire titlar frå Landskappleiken og ikkje minst i utlandet, er lang.

- Me er sjølvsagt heldige som har så rike kjelder å ause av! Det er ein luksussituasjon for ein kulturleiar, me har kulturberarar som går i front nasjonalt! Så er det sjølvsagt langrenn det først og fremst skal handle om på Hovden den siste helga før påske, men du verden som me ser fram til å vise fram Unescojuvelen! Seier Nyberg.

## Samarbeid i skular og på scene

Unesco-samarbeidet mellom dei tre tidlegare nemnde kommunane har spreidd seg i mange lag rundt om i øvre Setesdal. På scene og i tevlingar, jovisst. Likevel. Vel så viktig er rekruttering, formidling og kulturell ettervekst. Det er bakgrunnen for at folkemusikk og -dans no er ein integrert del av skuleverk og barnehagar, slik det i mange år har vore det i dei kommunale kulturskulane.

- Dette og meir til skal me vise fram på Hovden, og me er i god rute med planlegging og førebuingar. No gler me oss til å underhalde både fastbuande og tilreisande, seier Torunn Charlotte Nyberg.



**HOVDENUTHYTTA:** Hovdenuten

# Stadig fleire finn vegen til Hovdenuthytta

Hovdenuthytta på Hovden, ei dagsturhytte sett opp i regi av Bykle kommune, vart opna i juni 2024. Sidan den gong har det vore eit «renn» av folk der.

Hytta, som ligg på Hovdenuten 1192 moh, er spektakulær i seg sjølv. Legg ein til utsikta, aukar dimensjonane på opplevinga. Viss ein i tillegg plussar på sherpa-stien opp mot bygget – ein sherpa-sti bygt av ekte sherpaer, ja då har ein totalpakka!

## Opna med lur og festtalar

Det var ein stor festdag den sommardagen i fjor då Hovdenuthytta endeleg kunne opne. Med lur og festtalar, kake og aktivitetar vart hytta teken i bruk. Bykle kommune har investert vel fire mill. kr. i prosjektet.

- Oppover langs stien er det plassert ut informasjon om villreinen, og det er også plansjar med informasjon vel oppe på Hovdenuten, seier Sigrid Bjørgum i Bykle kommune.

På Hovdenuten har ein utsikt over det meste av naturen øvst i dalen. Store og små finn glede både i turen opp – Hovdenuthytta, og vegen ned att.



**LAST NED APPEN  
OG BLI PB-VENN** 

**VI SPANDERER HVER 10. PIZZA AV SAMME TYPE!.**

*Jippié*



\*Gjelder pizza kjøpt til full pris når PB-venn og PB bedrift kjøper i app/nett

Hovden 73 02 25 10 Skisentervegen 2, Hovden i Setesdalen

**PB PIZZABAKEREN**

Supertak AS ønsker lykke til med NM på ski på Hovden 2025



**SuperTak**


Vi driver med alt innen takteking og membran arbeid og har bare faste ansatte lokale taktekkere med fagbrev

TA KONTAKT FOR ET GODT TILBUD!

[www.supertak.no](http://www.supertak.no)  
[post@supertak.no](mailto:post@supertak.no)



## Reise? Gruppereise? eller bussleie fra A til B?




### TA KONTAKT SÅ FINNER VI DE BESTE LØSNINGENE SAMMEN!

I tillegg til våre ordinære påmeldingsturer, tilbyr vi også hjelp med å sette opp skreddersydde gruppeturer eller å organisere en transport. Vi er en av Norges ledende turbussoperatører, men vi tilrettelegger turer med både buss, fly, tog og cruise!

Risdal Touring AS hadde jubileum i 2024 - 25 ÅR! Husk at vi kan være turoperatør også for deg og din gruppe. Vi lager ferdige pakketurer til attraktive, gunstige priser og er stor innkjøper av ferje, hotelltjenester med mer. Våre avtaler i markedet er prismessig gunstige og vi kan tilby totale løsninger for våre gode kunder!

Sjekk ut [touring.no](http://touring.no) for å se alle turene i reisekalenderen eller kontaktskjema for bussleie! Vi hjelper deg gjerne!

### TRYGT OG ENKELT!



**RISDAL TOURING RISDAL BUSS AS**

Transportvegen 17, 4735 EVJE [post@touring.no](mailto:post@touring.no) tlf 37 93 15 15 [www.touring.no](http://www.touring.no)



# Lokale talent med ambisjonar under NM

NM på ski samlar mange frå den ypperste nasjonale eliten – og difor verdseliten. Midt i sirkuset finn ein også lokale talent som har ein plan om å hevde seg! Me har tatt ein prat med tre av dei.

Mathias Holbæk kjem frå Ålefjær i Kristiansand, og går for Vindbjart IL. 21-åringen har likevel sterk tilknytning til Setesdal og Hovden. Mathias gjekk på Hovden skigymnas frå 2019-2022 – og med familiehytte på Hovden er han så nært lokal som ein skigut frå Kristiansand kan bli! Med «NM-general» Roar Hjelmeset som hovudtrener er sirkelen slutta.

- Oppkøyringa til NM har vore bra. Eg hadde litt sjukdom tidleg i sesongen, det har sjølvstygge meg litt, seier Holbæk.

21-åringen kan skilte med fleire internasjonale titlar. Han vart U23-verdsmeister på 10 km klassisk i 2024, juniorverdsmeister på 20 km klassisk fellesstart i 2023 og junior-noregsmeister i sprint som 17-åring i 2020, for å nemne noko. Holbæk kjem til Hovden for noko meir enn bare å delta.

- NM kjem på slutten av alt anna, så det blir jo berre ein bonus. Men eg bør jo vere topp ti, i alle fall. Det er jo mange av dei beste som kjem til å vere utlada, og då er det ikkje umogleg å ta medalje, meiner han.

## Oppvaksen i bustadfelt på Hovden

Ein annan lokal skiløpar på startstreken under NM er Storm Haugenes Pedersen. Han er oppvaksen i eit bustadfelt på Hovden, er siste års junior, og går difor i 19-20-årsklassen i den nasjonale cupen. Storm går i dag for kretslaget «Team Sørvest» med Vette Sælen frå Grimstad som trener. I tillegg får han mange råd og vink frå tidlegare trenar ved HSG, Lars Svaland.

- Eg tok til på skigymnaset på Hovden hausten 2021. Då vart alt meir strukturert, men også før den tid trente eg kring 500 timar i året, fortel Storm.

På skigymnaset vart treninga sett i system av Roar Hjelmeset. Lars Svaland overtok trenaransvaret i januar 2022. I løpet av dei siste åra har ungguten stått for mange solide prestasjonar. Han vart norsk meister i sprint på Voss 2023 i tillegg til norgescupseier på Lillehammer same sesong. Dette i 18 års klassen. Storm og stafettlaget frå Agder/Rogaland vann NM stafett junior. Her gjekk han saman med Thomas Mollestad, Sondre Østervold og Mathias Holbæk. Dette var ein framifrå prestasjon av eit stafettlag frå Agder/Rogaland, noko som aldri tidlegare har skjedd. Det skal også nemnast at Agder /

Rogaland også fekk 5 plassen i same klasse dette året. Dette vart lagt merke til i heile langrenns-Noreg. Storm flytta til Lillehammer hausten 2024 for å studere og satse ski.

## Vil gå alle tre individuelle konkurransar Kva så med NM-ambisjonane?

- Eg vil gå alle tre individuelle konkurransar. I tillegg skal eg og Niklas Pålsson stille lokalt lag frå Hovden Sportsklubb på teamsprinten torsdagen. Det gler eg meg til. Det er nok ein liten fordel for meg at eg kjenner løypene på Hovden godt, og eg har vel mest tru på 20 km fellesstart, seier Storm Haugenes Pedersen.

## Sprek valldøl

Aron Åkre Rysstad frå Valle er klar for NM, og gler seg til eit meisterskap på heimebane. 25-åringen, del av Team Elon Vest, kan skilte med alt frå sylv i U23-VM til siger i Skandinavisk cup i 2022 og ein solid andreplass i fjor.

- Det er jo sprint som er mitt felt, difor ser eg på NM først og fremst som ein sjans til å gå meisterskap nesten heime i bygda. Eg gler meg veldig, og trur det blir topp stemning både på arenaen og langs løypene, seier han.

Aron har hatt fleire solide resultat i oppkøyringa.

- Dei seier jo at ein er ikkje ekte skiløpar før ein har gjennomført ei god femmil, så det håpar eg at eg skal klare på 50 km klassisk på Hovden. Eg er også spent på 10 km fri. Eg skal no i alle fall gje det eg har, lovar han.

Valldølen har også veldig lyst til å gå teamsprint fri teknikk, men manglar makker.

- No må spreke valldølar og hylstringar melde seg, så kan me stille på startstreken med eit skikkeleg lokalt lag. Det hadde vore kjempemor! NM på Hovden blir ei oppleving uansett, så dette gler eg meg veldig til, seier Aron Åkre Rysstad.

## FAKTA SKI-NM PÅ HOVDEN 2025:

### Smørefasilitetar

Det er rigga til for både smøreboder og smørevogner under NM.



**ER KLARE:** Storm Haugenes Pedersen, Aron Åkre Rysstad og Mathias Holbæk.



# Heibergheiane



**JAKT:** På jaktturene var det alltid med viltvoktarar med. Dei spora opp viltet og lot framandfolket få skyte. Fremst her går Andres Bratteland, så seinare ordførar Gunnar Å. Tveiten og Olav K. Mosdøl. Dei to andre har vi ikkje namnet på.

**I 1904 begynte** oslomannen Thorvald Heiberg å kjøpe opp store heieområdet i fjellet mellom Setesdal og Sirdal/Ryfylke. Ein million må hadde han til sist, og tanken var å etablere eit gigantisk jaktområde for villrein, og invitere rikfolk frå utlandet til eksklusiv storviltjakt.

**Han bygde vegar** og sette opp jakthytter, og jegerane kom i hopetal. Han tilsette egne viltvoktarar som hadde som oppgåve å rydde ut det som kunne ryddast ut av rovfuglar og rovdyr for å auke bestanden av rein og rype. Dei passa også på at bygdefolk ikkje tok seg til

rette med ulovleg reinsdyrjakt. For dei mange som var avhengige av det tilskotet reinsdyrkjøtt var i matvegen, var det alvor. Vi kjenner til at det vart løyst skot mot vaktarane.

**På 1930-talet** vart det også konflikt med turistforeiningane som ynskte heiane som turområde, og dei klarte ikkje å verte einige om bruken.

**I 1943 selde** Heiberg heia til Quislingregimet, som frå då av vart kalla Njardarheim.



**SAMLINGAR:** Storviltjegerane som kom for å jakte i Heibergheiane, var trofeet det viktigaste. Voktarane kunne gjerne få kjøtet. Denne karen heitte visstnok Castenschild, men kven damene er veit vi ikkje. Dei var fint kledde til å vere på høg fjellet. Foto frå Setesdalsmuseet.

## FAKTA SKI-NM PÅ HOVDEN 2025:

### Kafeteria i ridehallen

Eit par hundre meter unna skistadion ligg ridehallen på Hovden. Der vil det vere smøreområde under NM. I hallen er det ein kafé der løparar og støtteapparat kan få kjøpt seg middag. Serveringa blir frå klokka 14 og utetter ettermiddagen. Ein middag kostar 185 kr. per person.

NM på Hovden like før påske blir ein ski- og bygdefest der tilreisande og fastbuande kan vente seg spennande dagar med store opplevingar. Midt i sirkuset står dei to arrangørklubbane Bykle IL og Hovden Sportsklubb.

# Aktive arrangørklubbbar klare for skifesten



Bykle IL vart skipa til i 1947. Den gongen var det meininga at klubben skulle få namnet Fjellguten, men det var eit anna lag som heitte dette, så Idrettsforbundet sa nei. Då vart det Bykle IL – og har vore det sidan.

- Historisk sett har det handla om friidrett og ski. I dei tidlege åra var det skiløyper på jorda og utmark, og dessutan hopping der det let seg gjere å lage til ein bakke. Heile vegen har drifta vore tufta på frivillig innsats, og dugnadsånden har vore og er sterk, seier leiar i Bykle IL, Olav Mandt.

Dugnadsfolk måtte til når det skulle byggjast hoppbakke, tråkkast løyper og som støtteapparat til ulike renn.

- Det vart også etter kvart skipa til slalåmrenn. Sommarstid handla det om alt frå lengdehopp til tresteg og høgde. Det vart også skipa til tevlingar bygdene mellom, seier Mandt.

## Mykje aktivitet

Bykle IL har i dag kring 230 medlemmer. Eit svært aktivt lag, med mange fleire støttespelarar enn medlemstalet antyd. Som før handlar det om aktivitet året rundt. Alt frå barnetrim, turn og fotball til spinning og allidrett.

- Så kjem sjølvsagt langrenn, alpint på Hovden saman med Hovden Sportsklubb og mykje meir. Bykle IL har også vore aktivt inne med planlegging for ny fleirbrukshall i Bykle og etablering av stiar til dagsturhytta Jarebu, seier Olav Mandt.

## Sportsklubb på toppen av Setesdal

Hovden Sportsklubb vart stifta i 1970. Klubben er eit fleiridrettslag med rom for alt frå langrenn og alpint til allidrett og mykje anna moro. Klubben har i dag om lag 300 medlemmer.

- I 2024 slo Hovden brettklubb seg saman med

Hovden Sportsklubb, og me har no solid breidde i det me driv på med. Som i Bykle IL er mykje av aktiviteten tufta på frivillig innsats, og det går med mange dugnadstimar i løpet av eit innholdsrikt år, seier leiar i Hovden Sportsklubb, Atle B. Egeland.

## Står bak fleire store renn

Hovden Sportsklubb står bak fleire store årvisse arrangement, mellom anna turrennet Hovden-Tour. Klubben samarbeider tett med Hovden skigymnas.

- Så ser me veldig fram til å dra lasset saman for eit vellukka NM på Hovden i slutten av mars. Dette blir ei stor oppleving for alle, slår Atle B. Egeland og Olav Mandt fast.

# SJEKK UT DIN LOKALE ENTREPRENØR



Vi er alltid er her for deg, og tar deg som kunde veldig seriøst.

Visste du at vi tilbyr en totalpakke fra grunnarbeid, sprenging, asfalt til veier, VA, overvann til landskapsutforming, steinmurer og som kan skreddersys?

Uleberg Maskin og Transport AS gjør vårt ytterste for å levere et prosjekt på en rasjonell og trygg måte. Thor Helge Åbakk, vår dyktige daglig leder følger deg opp gjennom hele prosjektet. Vi starter med en samtale og dokumentasjonen oversendes med påfølgende befaring. Ta kontakt på telefon +47 901 00 448 eller [post@ulebergmaskin.no](mailto:post@ulebergmaskin.no)

Visjon: Enkel, men kraftfull: Du som kunde skal være fornøyd!

Vi skal alltid søke etter å bli bedre. Med våre ressurser, markedsposisjon, ryggrad og ikke minst til deg som kunde, er det naturlig for oss å sikte høyt med mål om å levere enhver jobb i fra oss med stolthet!



God fornøyelse med  
NM i Langrenn 2025

[www.ulebergmaskin.no](http://www.ulebergmaskin.no)

BREIVEVEGEN 46, 4755 HOVDEN I SETESDAL!

# BYKLE MASKIN AS

Sarvsnetten 39, 4754 Bykle













**BILBERGING**  
for FALCK, NAF/SOS og VIKING.  
Køyrar for alle forsikringselskap.

## BILVERKSTAD.

EU-kontroll inntil 7,5 t.

Reparasjon og diagnose alle bilmerker.

Godkjent el. bilverkstad

Dekkservice inkl dekkhotell. Leigebilar.

**DØGNVAKT HEILE ÅRET.**

MECA Bilverkstad | Telefon verkstad: +47 37 88 55 00 | [post@byklemaskin.no](mailto:post@byklemaskin.no)  
Døgnoopen vakttelefon redningsteneste: +47 915 89000

# Team Hovden

## – satsing som gav resultat

Team Hovden vart etablert som rekrutteringslag i skiforbundet våren 1992 etter ein periode der forbundet ikkje hadde hatt eit slikt lag. Dette var for å ta vare på unge talent som skulle ta over etter OL på Lillehammer. Satsinga gav gode resultat



**TEAM HOVDEN:** F.V: Thomas Alsgård, Odd-Bjørn Hjelmeset, Anders Aukland, Egil Kristiansen, Marianne Myklebust, Siri Halle, Bente Skari (F: Martinsen), Cecilie Mjøen, Kathrine Rokke. Biletet er truleg teke i 1993.

Bykle kommune var den klart største bidragsytaren i spleiselaget som måtte til. Også fylkeskommune og kring 30 verksemdar frå lokalt næringsliv var med. I alt vart det reist ein mill. i året dei to åra laget eksisterte. I all hovudsak bestod laget av første- og andreårs seniorar, men hadde også litt eldre løparar, mellom andre Egil Kristiansen og Marianne Myklebust, som hadde vore seniorar nokre år.

### Nådde toppen

Av løparar som var innom Team Hovden, vart ein svært høg andel av dei internasjonale toppløparar etter kvart. Thomas Alsgaard, Bente Skari,

Odd -Bjørn Hjelmeset og Anders Aukland er alle løparar med namn som står fjellstøtt i den flotte norske langrennshistorien. Alsgaard vart alt som 22-åring olympisk meister på Lillehammer i 1994.

- Samarbeidet med Bykle kommune og opplegget på Hovden var svært vellukka. Me vart godt tekne imot på Hovden, der var det mange samlingar i løpet av dei to åra. Treningsfasilitetane var svært gode, og me fekk også dra nytte av eit av dei første badelanda i Noreg under opphaldet, seier tidlegare trenar for Team Hovden, sportssjef for langrennslandslaget og president i Norges Skiforbund, Erik Røste.



**GLER SEG:** Daglig leiar i Hovden Badeland, Torvald Gautland gler seg til nytt anlegg hausten 2025.

# Byggjer Nye Hovden Badeland til 150 mill.

Nye Hovden Badeland skal stå ferdig til opning 27. september 2025. Dette blir eit av dei mest spektakulære anlegga av sitt slag i landet! Med eit totalbudsjett på 150 mill., 3500 kvm boltreplass medrekna dagens areal og mange nyvinningar, styrkar satsinga Hovden både som heilårsdestinasjon og bustad!

Hovden har vore ein vinterdestinasjon sidan tidleg på 1960-talet. Så alt for mange tilbod utanom alpin- og langrennsløyper og ein stadig aukande hyttemarknad var det likevel ikkje i byrjinga. Det var difor ei satsing og noko heilt utanom det vanlege då anlegget såg dagens ljøs i 1990.

- Det var vel den gong eit av dei aller første badeanlegga av dette slaget, om ikkje det første. Ei heilt konkret satsing på å gjere Hovden til noko endå meir, både for folk som bur her og ikkje minst for tilreisande, seier dagleg leiar Torvald Gautland.

Med eit den gong solid totalbudsjett på 56 mill. kr. fekk ein på plass eit anlegg som baud på i alt 3000 kvm. Fordelt utover var alt frå badstoger til skier, basseng og boblebad.

- Ein enorm tilvekst, sjølv sagt, og noko det var stort behov for. Folk kjem kanskje til Hovden først og fremst på grunn av alpint eller langrenn, men all aktivitet utomhus er avhengig av forholda. No hadde me plutsleg eit knalltilbod også om regnet hølja ned eller om vinden gjorde det uleveleg ute, seier Gautland.

## Gode besøkstal

Besøkstala i åra etter opninga viser at satsinga var

framtidretta. Trass i svingningar både i talet på tilreisande og konjunkturane elles så kan Hovden Badeland skilte med i snitt meir enn 50.000 menneske innom i året.

- Dette har gjort oss levedyktige. Det betyr ikkje at Hovden Badeland har gått med solid overskot, men me treng ikkje driftsstøtte heller, slår Gautland fast.

## Brann i spa-avdelinga

Så, i mars 2022, kom den neste krossvegen i historien til Hovden Badeland. Ein dag i mars tok det til å brenne i spa-avdelinga. Ingen kom til skade, men skadane var omfattande.

- Det vart startskotet for det som skal bli Nye Hovden Badeland. Med ei brannerstatning på 21 mill., og eit behov for fornying, såg me at no var einaste vegen framover. Heile spa-avdelinga vart øydelagt, så drastiske grep måtte gjerast uansett, slår Torvald Gautland fast.

## Akvadukt med innsyn frå skiløypa

Nye badelandet blir eit endå meir spektakulært anlegg enn då det opphavelige anlegget stod der i 1990. Fordelt på i alt 3500 kvm får ein symjebasseng på 25 meter med stup på ein, tre og fem

meter, badstoger, velværeavdeling, kaldkulp, sklier og det meste ein kan tenke seg.

- Spesielt bassenget har vore etterspurt også frå fastbuande, skikkelege symjebanar. No kjem det på plass. Det betyr også at aktivitetsnivået kjem til å auke. Symjetrening, stupetrening, babysymjing, me skal satse tungt på auka og allsidige aktivitetar i vatn. Så er nok det aller mest nyskapande akvadukten som går ut av anlegget, over skiløypa og ned til ei innbydande badstoge i elvekanten. Det betyr at dei som går på ski under akvadukten får innsyn til bassenget gjennom glasveggane. Ikkje eit daglegdags syn på høgjellet akkurat, humrar den daglege leiaren, som knapt kan vente til alt saman kan opne.


## Opnar i september

Spaden for Nye Hovden Badeland kom i jorda i mai 2024. Betongarbeidet tok til same hausten. Alt skal stå klart til september 2025.

Prosjektet ser ut til å ligge godt i rute. Med nytt anlegg på plass må me ha 60.000 menneske innom i året for at dette skal gå i balanse. Det har eg tru på at me får til. Eg gler meg veldig til snora kan klyppast, seier dagleg leiar i Hovden Badeland, Torvald Gautland.

# TRENINGSSAMLING PÅ EVJE?

Flotte treningsforhold  
sommer og vinter,  
med rimelig overnatting  
sentralt på Evje.



17 min til Høgås skianlegg  
5 min til Treningscenter  
2 min til Evje sentrum

- **RULLESKILØYPER**  
1km/1.5km/2km/2.5km/3km/3.6km
- **LYSLØYPE** 8.5km
- **KONKURRANSESKILØYPER** Høgås  
1km/2km/3km/5km/7.5km
- **SKILØYPER** Høgås 130km
- **HOPPBAKKER** med plast  
5m/10m/15m/35m/50m
- **ORIENTERINGS- OG TUOMRÅDE**
- **STORT MODERNE TRENINGSSENTER**  
Hornnes/Otrahallen
- **SANDVOLLEYBALL**
- **TUFTEPARK**



Ta gjerne kontakt for mer informasjon: Tony Halsall • 907 81 614 • tony@otrail.no

[www.otraportal.no](http://www.otraportal.no)

# Dit du vil, slik du vil

Et fremoverlent turbusselskap med base på Sørlandet. Les mer på [otrabuss.no](http://otrabuss.no)  
Ring oss gjerne på +47 92 92 21 05 eller send oss en mail til [tur@otrabuss.no](mailto:tur@otrabuss.no)

**OTRA**

Vi kan veien

HØYR, HØYR! KOM TIL SKI NM PÅ HOVDEN!

VI ER TILSTEDE MED KNALLTILBUD!

INNEBYGD WIFI



PEISFUNKSJONEN  
STØTTER ANDRE  
VARMEKILDER



PANASONIC  
HZ25ZKE

Spesielt tilpasset  
det tøffe nordiske  
klimaet.

NM PRIS

Kun kr.:

**25.990,-**

Inkl. standard montering.  
Farge: hvit

**VINN EN TV!**

Verdi opp til 12.000!

Kjøp varmepumpe  
og bli med i trekningen  
av en Panasonic TV 65".  
Modell: TV-65W80AEZ  
(Tilbudet gjelder ut mars  
2025).

EKSEPSJONELL VARMEKAPASITET  
SELV I LAVE TEMPERATURER



Vi er stolte av å ha levert og montert over **2000** varmepumper i Setesdalen! Vi ønsker å fortsette suksessen i 2025!  
Ring Arild på 909 85 560 for en gratis befaring på din hytte!

**Panasonic**  
varme & kjøleløsninger


**HAUKELIRENNET**

Internasjonalt turrenn på fantastiske Haukelifjell. Rennet går i fristil og har klasser for alle nivå og aldrar – både med og utan tidtaking. Eliten, aktive skiløparar, mosjonistar, ungdommar, barn, trimmarar og heilagjengar er på plass på Noregs blidaste turrenn!

[www.haukelirenn.no](http://www.haukelirenn.no)



**5. april 2025**



# Den lågaste kvadratmeterprisen på Hovden – Sloaros

Høgt oppe i fjellet, der Telemark, Rogaland og Hordaland møtest, ligger Sloaros – ei turisthytte som har vore fristad for fjellvandrarar i generasjonar. Hytta er meir enn bare fire veggar. Den speglar også landskapet rundt: røft, enkelt og vakkert. Og du er invitert. Anten du vil puste djupare i stillheiten eller utforske fjellheimen.



▲ **Sloaros** er saman med Kvinen og Lakkenstova to av våre mest populære hytter vinterstid.



▲ **Berdalsbu** - Ein fin sveiv via Bjørnevasshytta og flotte Mjågeskår. Hytta vart bygt i 1972. I annekset kan ein ha hund. Hytta er open året rundt. Hovudhytta består av to soverom med to køyesenger i kvart rom, og eit hovudrom med kjøkken og stoge. Frå hytta er det flott å fote seg også nordover mot Tjørnbrotbu.



◀ **Bjørnevasshytta** – Perfekt for topptur

Bjørnevasshytta er eit ideelt utgangspunkt for deg som elskar toppturar! Strategis plassert ved Store Bjørnevatn, greitt tilgjengeleg frå både Valle og Dalen.

## Frå historisk kvilestad til moderne turmål

Sloaros vart oppført i 1966. For friluftsfolket tente hytta som kvilestad på turen mellom Hovden og Haukeliset. Men også jegrar og skiløparar har brukt – og bruker – dei 48 kvadratmeterane som base for sitt virke og eventyr. Og når ein heil familie kan overnatte for under tusenlappen, er nok kvadratmeterprisen den lågaste som er å oppdrive på Hovden.

I tillegg til at hytta er innanfor rimelighetens grenser, er også den opprinnelige enkelheiten og funksjonaliteten framleis tydeleg. Men i takt med tida har også Sloaros utvikla seg til å bli ei moderne, sjølvbetjent turisthytte. Her finn du alt du treng for ei komfortabel natt i fjellet: lun peis, velutstyrt kjøkken, proviantlager og senger som gjer at du vaknar utkvilt og klar for nye opplevingar. Lite kan slå varm kaffi og lukta av nysteikt pannekake med blåbær.

## I sitt eige tempo

Dei fem timane det tar å gå frå Hovden byr iblant på unike naturopplevingar. Fugleentusiastane vil her kunne

sjå både trane, sotsnipe, snøspurv og vierspurv. Rundt hytta finst turmål som minner oss om at fjellet har vore arbeidsplass til forfedra våre. Fire kilometer frå hytta finn du Langevassgruvane, der det framleis er spor av gruvedrift.

Sommaren bringer med seg eit landskap dekkja av blomster og ein mjuk eim av fjellplanter. Dei fem timane kan difor fort bli det doble for botanikarar med fjellsko.

Avhengig av om villrein er observert, blir deler eller heile ruta mellom Hovden og hytta køyrt opp med løypemaskin. Viss forholda ligg til rette, blir løypekøyringa kombinert med at deler av ruta også blir kvista frå vinterferien til og med påska.

## Eit landskap som kallar

Området rundt Sloaros er eit paradys for naturfrelste. Hytta ligg omgjeven av dramatiske vidder og mjuke fjelltoppar, speglblanke vatn og brusande bekkar. Turmoglegheitene er mange, om du vil ha korte turar i nærområdet eller lengre vandringer

som tar deg djupare inn i fjellheimen.

Stier leier til andre DNT-hytter som Berdalsbu og Tjørnbrotbu, eller mot Haukeliset, der stien går via høge Holmavatnhytta med sine 1130 moh. For det er i stiane at Sloaros har sin opprinnelse. Slo – eit gammalt navn for krøttertråkk, og os – sidan husdyra måtte krysse fleire punkt der bekk renn ut i vatn.

## Einsemd og fellesskap

Sloaros har ei unik evne til å balansere det å vere ein stad for både einsemd og fellesskap. Avhengig av sesong, kan turgåaren få hytta for seg sjølv. Men spesielt vinterstid tar mange familiar skia fatt mot solveggen.

Her kan barn få sitt første møte med det flotte fjellet og lære om viktigheten av naturvern og fellesskap. Å hente vatn frå bekkene, fyre opp i omnen og lage eit enkelt måltid gjev ei kjensle av meistring og tilhøyrighet som er ubetaleleg. Hytta samlar menneske med ein felles kjærleik for fjellet.

# Visit SETESDAL



KIETSA DESIGN / FOTO: JOHN THEIN, EMIL HILLE, ØYSTEIN KVANNED

## Vinteropplevelser i Setesdal

I Setesdal kommer snøen tidlig og blir liggende lenge, og fra Åseral og Evje i sør til Hovden i nord kan du virkelig boltre deg i vakre, vinterkleddede omgivelser. Med masse snø og et variert utvalg av aktiviteter er dette stedet for deg som elsker utendørs eventyr.

Besøk oss i vinter. For mer informasjon se [www.setesdal.com](http://www.setesdal.com)



 SETESDAL

[www.setesdal.com](http://www.setesdal.com)

# Bykle Breibånd

Din lokale bredbåndsleverandør



... alltid til stede

# To-tre hundre frivillige i 100 under heile NM

NM i langrenn på Hovden er eit stort arrangement. Så stort, at «alle» i bygda og kommunen er involvert. Dei viktigaste er utan tvil dugnadsfolka. NM-general Roar Hjelmset har to-tre hundre av dei klar til innsats.



**DUGNADSGJENGEN:** Eit lite knippe av dei to-tre hundre frivillige som må til for å få gjennomført folkefesten på Hovden.

Både før, under og etter NM har det og skal det leggjast ned time på time med frivillig innsats. Rigginga før skifesten tar til er omfattande. Behovet for folk under gjennomføringa av meisterskapet er stort.

- Så har me merka ein velvilje og ein positivitet som varmar. Alle tykkjer det er stas med NM på Hovden. Me har bygdefolk, me har hyttebyklarar, me har endåtil ein gjeng studentar frå Universitetet i Agder som kjem opp, søv ute i telt i fire dagar, og trør til som dugnadsarbeidarar, smiler Hjelmset.


## Varierte oppgåver

Det er ikkje få oppgåver dei frivillige skal ta seg av. Parkeringsvaktar, vaktar i start- og målområde, og langs løypene. Sekretariat. Støtte for dugnadsjengen i form

av alt frå stader å varme seg til mat og drikke. Skilting. Kiosk. Lista går og går.

- Utan mange i dugnadsjengen hadde me ikkje hatt sjans. Dei er på så mange vis dei aller viktigaste me har. Heldigvis ser me at folk har dratt lasset saman heile vegen. Det styrkar både arrangørklubbane og meisterskapet i det heile. Eg kan ikkje få sagt kor takksame me er for innsatsen dei alle legg ned, seier Roar Hjelmset.

Så tenk litt på det, du som treff på ein dugnadsarbeidar på Hovden under NM. Tenk på det, og spander eit smil eller kan hende ei klapp på skuldra. I det store maskineriet eit NM er, står dei frivillige for tennene i tannhjulet – og som ein veit, det er dei som får hjulet til å gå rundt!



Den 75 meter høge Bykildammen var tenkt bygd omtrent midt i biletet der dalen er på det smalaste. Vasspeglen ville då ha kome eit lite stykke nedanfor Bykle kyrkje. Foto frå 1929.

## Bykildammen

Då Brokkeanlegget nærma seg fullføring, var utbyggjarane alt godt i gang med planlegging av nye prosjekt. Det mest omfattande var den 75 meter høge Bykildammen som skulle byggjast der Otra er på det smalaste i sørenden av Bykil. Meiningerane var mange og delte. I april 1969 reiste ordførar (og likningsjef) Jon Trydal og trygdesjef/kommunekasserar Torleiv Gjerden til statsministeren der dei la fram eit brev der det mellom anna stod: Dersom Bykildammen kjem, vert ca. 20 gardar øydelagde. Den beste skogen vil koma under vatn. Av den dyrka jorda vil medgå ca. 600 dekar. Vatnet vil stå heilt inn i Kyrkjebygda.

**Byklarane vart bønnehørde.** Jonsokdagen 1969 avslo regjeringa Borten konsesjonssøknaden. For dei som budde i Nordbygdi var det likevel ingen god dag. I praksis innebar vedtaket at Bossvatn kunne regulerast opp til ei høgd på 551 m.o.h., og dei 16 gardsbruka i Nordbygdi måtte fråflyttast.

## FAKTA SKI-NM PÅ HOVDEN 2025:

### Parkering under NM

Det kostar 100 kr. dagen å parkere på parkeringsplassane som er dedikert til NM. Ein kan også kjøpe seg plass for tre eller fire dagar. Dei som har smøreplass får gratis parkering.



## Svein Hovden (1841-1924)

**Sist sommar** var det hundre år sidan Svein Hovden døydde. Slekta var frå Telemark, og derfrå hadde Svein med seg mykje av dei gamle songtradisjonane. Men han var au ein god forteljar, og det er mange soger om korleis Svein trollbatt menneska rundt seg når han song og fortalte. Til Hovden kom også mange av dei kjende innsamlarane og gjorde sine oppteikningar.

**Det er gjennom** Svein me har det meste av oppteikningar av kjempeviser og balladar frå Setesdal. I 2019 vart hardingfelespel, munnharpspel, kvending og dans listeført på UNESCO's representativt liste over immateriell kulturarv. Dessverre vart ikkje kjempeviser og balladar med på den lista, men i det arbeidet som no vert gjort med å fremje folkemusikk og dans, er også Svein Hovden sitt bidrag godt ivareteke.

### ◀ Foto frå Setesdalsmuseet sine samlingar:

Det er mange måtar å få endane til å møtast på, og Svein Hovden laga tresko, Barnebarnet med same namn følgjer med.



▲ Svein Hovden på besøk hjå familien i Grungedal i 1915. Det var ein dryg skitur for ein mann på 74 år.



# Hovden skigymnas 35 år

Same året som NM på ski blir skipa til på Hovden, rundar Hovden skigymnas 35 år. Skulen har fostra fleire OL- og VM-vinnarar, og satsar meir offensivt enn nokon gong.

Hovden skigymnas såg dagens ljøs slik me kjenner skulen i dag, i 1990. I åra fram til no har det bare innan langrenn gått kring 250 unge elevar gjennom «mølla». Gjett om det har gjeve resultat! I tillegg til så mang ein ungdom med styrka form, styrka teknikk, masse livslærdom og ikkje minst inspirasjon til vidare satsing, har det også blitt edelt metall internasjonalt. Høgast står nok OL-gulla til Maiken Caspersen Falla i sprint frå OL i Sotsji i 2014, og OL-gullet til Vibeke Skofterud i stafett i Vancouver i 2010. Jens Arne Svartedal, som vann VM-gull i Sapporo i 2007, gjekk også på skigymnaset. Når ein i tillegg kan plusse på fleire gull i både junior-VM og U23-VM, er det litt av ei merittliste skigymnaset kan skilte med.

## 31 elevar i år

Dette skuleåret går det 31 elevar på skigymnaset med langrenn som linje på Hovden. Somme er inne i førsteåret, andre det siste. Fire trenarar har kontroll på det meste av satsing og utvikling, totalt sysselset Hovden skigymnas kring 20 personar og driftsbudsjettet for neste år er 16,3 mill. kr. I tillegg har skulen 18 elevar på snowboard/freeski, og 20 elevar på FLYT – ei actionspekka friluftslinje.

- Pågangen er aukande år for år. Resultata våre snakkar for seg sjølv, merkevaren Hovden skigymnas er brennheit! Seier dagleg leiari ved Hovden skigymnas AS, Micke Pålsson.

Han gler seg over at kvart årskull elevar produserer ypperlege skigymnas-ambassadørar.

- Resultata er ein ting, noko heilt anna er det med alle desse ungdomane i full sving i skiløypene og bygda elles. Hovden skigymnas er ein institusjon som bind



saman bygda med vinterdestinasjonen, idretten med dugnadsånden, slår Pålsson fast.

## Storsatsing i vente

I og med at Hovden skigymnas er 35 år i år, betyr det at dei kring 60 hybelplassane skulen disponerer også er like gamle. No er det storsatsing på gang, med planar om eit heilt nytt hybelbygg med plass til 80 elevar.

- Agder fylkeskommune sit no med Bykle kommune og planlegg vidare framdrift i prosjektet. Alle signal me har fått er positive. Eg trur at alle ser at med den solide utviklinga skulen er i, og med dei resultata me kan vise til, så må det satsast vidare også frå skuleeigar. Her legg me stein på stein for vidare utvikling, og er heldigvis rusta med motiverte elevar og svært engasjerte tilsette. Slikt blir det suksess av. Så skal ingen tru at me lener oss tilbake og seier at målet er nådd, for den dagen kjem aldri. Me kan og skal alltid jobbe for å bli betre, til beste for elevane, langrennssporten og Hovden, seier Micke Pålsson ved Hovden skigymnas.


## FAKTA SKI-NM PÅ HOVDEN 2025:

### Første NM i Agder sidan 1994

NM på Hovden blir det første NM i Agder sidan meisterskapet vart skipa til i Vegårshei i OL-året 1994.



DATO	TIDSPUNKT		ØVELSE
	Fra	Til	
<b>TORS DAG 27. MARS</b>	<b>15.00</b>	<b>18.30</b>	TV 2: 15.00-18.22
<b>Fristil</b>	10.00	13.00	Offisiell trening 5 og 10 km
	13.00	14.45	Offisiell trening sprintstafett
	<b>15.00</b>		<b>Parasprint, prolog</b>
	15.15		Sprintstafett Kvinner, prolog
	15.50		Sprintstafett Menn, prolog
	<b>17.00</b>		<b>Parasprint, stående. Finale</b>
	<b>17.05</b>		<b>Parasprint, sittende. Finale</b>
	<b>17.20</b>		<b>Sprintstafett Kvinner. Finale</b>
	<b>17.50</b>		<b>Sprintstafett Menn. Finale</b>
	18.23		Premieutdeling, 6 beste av hvert kjønn
<b>FREDAG 28. MARS</b>	<b>12.00</b>	<b>18.30</b>	TV 2: 12.30-14.15 og 15.30-18.22
<b>Fristil</b>	<b>12.00</b>		<b>Para 5 km sittende</b>
<b>Intervall start</b>	<b>12.40</b>		<b>5 km Kvinner</b>
	14.05		Premieutdeling 6 beste
	<b>15.45</b>		<b>10 km Menn</b>
	18.23		Premieutdeling 6 beste
<b>LØRDAG 29. MARS</b>	<b>08.30</b>	<b>19.15</b>	TV 2: 11.00-17.00
<b>Klassisk</b>	<b>08.30</b>	<b>10.52</b>	<b>Sprint, kvinner junior</b>
	11.10		Premieutdeling
<b>Intervallstart</b>	<b>11.00</b>	<b>13.01</b>	<b>30 km Kvinner</b>
	13.05		Premieutdeling 6 beste
	<b>13.00</b>	<b>16.30</b>	<b>50 km Menn</b>
	16.35		Premieutdeling 6 beste
	<b>16.30</b>	<b>19.15</b>	<b>Sprint menn, junior</b>
			Premieutdeling etter løpet
<b>SØNDAG 30. MARS</b>	<b>09.00</b>	<b>12.15</b>	<b>Juniorer Fellesstart (ingen TV)</b>
<b>Klassisk</b>	09.00	09.30	K18, 7,5 km
<b>Felles start</b>	09.10	09.40	K17, 7,5 km
	09.45	10.15	K19/20, 10 km
	10.30	11.00	M18, 10 km
	10.40	11.10	M17, 10 km
	11.30	12.15	M19/20, 15 km



SPONSORER:

